



SOGN OG FJORDANE  
FYLKESKOMMUNE

# Årsmelding 2015

Fylkesrådet for menneske med  
nedsett funksjonsevne - Sogn og Fjordane

## INNHALD

---

Årsmelding 2015 – Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne	3
Overordna målsetjingar	3
Aktivitetsåret 2015	4
Nærare omtale av aktiviteten	4
Deltaking i råd, utval og konferansar	7
Vedlegg	7
Fylkesrådet for funksjonshemma gav fylgjande uttale i møte 23. mars	7
Fylkesrådet for funksjonshemma i Sogn og Fj. vedtok fylgjande uttale 20. april 2015	8
Uttale frå fylkesrådet for funksjonsh. (9.6.15) om personsamanfall mellom ffe og fff	8
Uttale frå fylkesrådet for funksjonsh. (9.6.15) om skuleskysreglementet for elevar i vidaregåande skule i Sogn og Fjordane	8
Leiar for fylkesrådet sende brev til fylkesrådmannen (22.9.15)	9
Uttale frå fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne (22.9.15) om prosjektet «Hoven – Loen 2017»	9
Brev frå fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne (22.9.15) om «Fritid for alle»	9
Oppsummering frå synfaringa (3.11.) på ferja Ampere som trafikkerer Lavik – Oppedal	10

## ÅRSMELDING 2015 - FYLKESRÅDET FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE

---

Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne er eit rådgjevande organ for fylkeskommunale, fylkesstatlege og kommunane i saker som vedkjem dei funksjonshemma. Rådet skal medverke til at politiske målsetjingar vert følgde opp. Rådet kan òg på eige initiativ ta opp saker som er viktig for funksjonshemma.

### OVERORDNA MÅLSETJINGAR

---

- Fremja likestilling på alle samfunnsområde
- Leggja til rette for aktiv deltaking i samfunnslivet
- Ivareta og vidareutvikle funksjonshemma sine rettar
- Fremje desentraliserte, integrerte og koordinerte tenester

Lov om råd eller annan representasjonsordning i kommunar og fylkeskommunar for menneske med nedsett funksjonsevne vart vedteken av Stortinget 17. juni 2005 med verknad frå 01.01.2008. Etter denne lova skal alle kommunar og fylkeskommunar ha eit råd eller annan representasjonsordning for menneske med nedsett funksjonsevne. Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne har valt «Arbeid for alle – også funksjonshemma» som hovudfokus i denne valperioden.

I møte i fylkesutvalet 30. november 2011 under sak 128/11: Val av medlemmer til nemnder o.a. Valperioden 2011 – 2015 vart fylgjande valt som medlem av fylkesrådet for funksjonshemma:

Norunn Lunde Furnes	- politiskar	varamedlem er:	Ragnar Eimhjellen
Odd Atle Stegegjerdet	- politiskar	varamedlem er:	Randi Rønnekleiv Melvær
Solfrid Lillebø	- FFO <sup>1</sup>	varamedlem er:	Gerd Bjørkedal
Geir Liavåg Strand	- FFO	varamedlem er:	Alfred Brusegard
Solfrid Fossberg	- SAFO <sup>2</sup>	varamedlem er:	Gry Sætre

Leiar av fylkesrådet er Norunn Lunde Furnes  
Nestleiar er Odd Atle Stegegjerdet

<sup>1</sup> Funksjonshemmedes fellesorganisasjon (FFO)

Med sine 75 medlemsorganisasjonar, som til saman har meir enn 335.000 medlemmar, er FFO Norges største paraplyorganisasjon for organisasjonar av funksjonshemma og kronisk sjuke.

<sup>2</sup> SAFO er ei samanslutning av tre interessepolitiske organisasjonar for og av menneske med nedsett funksjonsevne. SAFO er samansett av Foreningen Norges døvblinde (FNDB), Norsk Forbund for Utviklingshemma (NFU) og Norges Handikapforbund (NHF).

## AKTIVITETSÅRET 2015

---

Gjennomgåande tema for året har vore «arbeid for alle». Dette har gjennomsyra alle møta. Rådet har gjennomført fem møter i 2015 og har handsama 12 saker. I desse rådsmøta vart det i tillegg drøfta relevante problemstillingar og handsama til saman 32 skriv og meldingar.

Rådet sine fire møter har vore lagde til ulike stader. I tillegg hadde fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne eit fellesmøte i Førde, med fylkesråda i Hordaland og Møre og Romsdal.

Fylkesrådet i Sogn og Fjordane bytte namn frå fylkesrådet for funksjonshemma til fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne, etter vedtak på fylkestinget den 16. juni.

### Nærare omtale av aktiviteten

---

23. mars var fylkesrådet hos Vevang produksjon i Dale, og fekk informasjon om bedrifta. Vevang Produksjon AS sitt mål er å skape sysselsetting for yrkeshemma gjennom produksjon og sal av varer og tenester, og anna verksemd. Bedrifta tilbyr arbeidsretta tiltak avhengig av kva behov den enkelte har. Det inneber kvalifisering til arbeidslivet gjennom APS-tiltak eller varig tilrettelagt arbeid gjennom VTA. Tiltaka skal kvalifisere styrke og utvikle den enkelte til å nå nye mål i arbeidslivet.

I møtet var det i tillegg informasjon frå bygg- og eigedomstenesta om tiltaksrapporten «Kartlegging universell utforming» av dei fylkeskommunale bygga. Det har vore gjort eit omfattande registreringsarbeid som har munna ut i oversyn over kva tiltak som må gjerast, for at alle fylkeskommunale bygg skal kome opp på ca. same nivå når det gjeld universell utforming.



Omvising og informasjon hos Vevang Produksjon AS v/dagleg leiar Ingunn Eiken. Produksjonen i bedrifta består av: deler til skipsindustrien, tre og listverk, krus, vaskeri, grøntarbeid, vegstikker, tekstil og ved. Leiaren i fylkesrådet; Norunn Lunde Furnes t.v.

Fylkesrådet gav i dette møtet ein uttale til saka «Personsamanfall medlemmer i fylkesrådet for eldre og fylkesrådet for funksjonshemma». Uttalen finn de i vedlegga.

21. april hadde fylkesrådet i Sogn og Fjordane samarbeidsmøte i Førde med Rådet for likes-tilling av funksjonshemma i Møre og Romsdal, og Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne i Hordaland. Fylkesråda møttes kvelden før og drøfta sak om fylkeskryssande bussruter. Fylkesråda vedtok ein uttale som de finn i vedlegga.

I tillegg til fylkesråda i nabofylka, var dei kommunale råda i Sogn og Fjordane invitert til samarbeidsmøtet, der det var tre tema som var oppe til orientering og diskusjon:

- **Tilrettelagt transport.** Paula Næss Skår starta med å fortelje om erfaringar med tilrettelagt transport i Møre og Romsdal. Heidi Sårheim som er dagleg leiar i Blindeforbundet i Sogn og fjordane heldt eit inspirerande innlegg om tilrettelagt transport frå brukaren sin ståstad, og Oddveig Hove frå samferdsleavdelinga i Sogn og Fjordane orienterte om korleis ordninga med tilrettelagt transport vert praktisert i Sogn og Fjordane.

- **Universell utforming ved kaianlegg og ferjer.** Ranja Blomvågnes Sjøstrøm frå Statens vegvesen som har skrive ei bachelor-oppgåve om dette temaet, orienterte og viste ulike skisser og alternativ til universell utforming ved kaianlegg og ferjer.
- **«Arbeid for alle».** Magne Vivelid som er prosjektleiar for «Aktiv» fortalte om prosjektet, korleis prosjektet bidreg i lokalsamfunnet, og den store nytteverknaden for deltakarane i prosjektet.

Prosjektet har vore medverkande til å få folk attende i jobb og studie



Deltakarane frå dei tre fylkesråda.

9. juni var fylkesrådet samla på Årdalstangen. Der fekk dei omvising hos Indre Sogn ASVO og fekk informasjon om bedrifta v/ dagleg leiar Jarle Øy. I tillegg var det konsert av ASVO-bandet.

Indre Sogn Asvo har som intensjon at dei gjennom gode rollemodellar, god arbeidsleiing, god opplæring og lønsam produksjon av varer og tenester skal skape utviklande og trygge arbeidsplassar. Dei skal profilere seg med god kundehandsaming og feilfri produksjon av varer og tenester. Slagordet til bedrifta er: «Ei bedrift for alle!» Dei vil vere ein inkluderande arbeidsplass og treningsplass for menneske med ulike og unike ressursar, behov og moglegheiter.

I tillegg vart det vedteke to uttalar til fylkestinget i dette møtet. For uttalane «Uttale frå fylkesrådet for funksjonshemma om personsamanfall mellom fylkesrådet for eldre og fylkesrådet for funksjonshemma» og «Uttale frå fylkesrådet for funksjonshemma om skuleskysreglementet for elevar i vidaregåande skule i Sogn og Fjordane», viser ein til vedlegga.

22. september hadde fylkesrådet møte på Skei, der det vart bestemt at ein flytta fram siste møte i fylkesrådet til den 3. november. Bakgrunnen for flyttinga av møtet var å få ferdigstilt årsmeldinga for 2015, og summere opp saker som kan vere aktuelle for det nye fylkesrådet å arbeide med i neste periode (2016 – 2019).

Andre saker som var oppe til orientering og vedtak denne dagen var: oppsummering frå landskonferansen i Bodø, kven som reiser på SOR-konferansen i oktober, økonomiplanen 2016 –



Asvobandet hadde tidlegare i månaden konsert i Årdal kulturhus, og hadde konsert under Målrock i august 2015.




2019 og innspel til samferdsleavdelinga.

Fylkesrådet vedtok tre uttalar som ein finn i vedlegga:

- Brev frå leiaren i fylkesrådet til fylkesrådmannen
- Uttale til prosjektet «Hoven – Loen 2017»
- Brev til regionråda, FFO, SAFO og kommunane i fylket, om kartlegging av «Fritid for alle»

3. november hadde fylkesrådet møte i Lavik, der Lise Olsmo frå Statens vegvesen orienterte om krava til universell utforming til ferjer som trafikkerer riksvegnettet. I etterkant var det synfaring på ferja Ampere, der to brukarrepresentantar var med fylkesrådet. Brukarrepresentantane som var med var: Jan Helge Oksholm og Anita Våge. I tillegg var Heidi Sårheim (dagleg leiar for fylkeskontoret Sogn og Fjordane, Norges Blindeforbund), med på synfaringa. Oppsummering frå synfaringa finn ein i vedlegg.



Skilje mellom køyrande og mjuke trafikantar



Fylkesrådet, brukarrepresentantar og representant frå Statens vegvesen



To oppmerka plassar til rørslehemma på Ampere



Merka bord til rørslehemma i salongen, men ikkje mogleg å bruke bordet i praksis, slik som det er sett opp pr. no.

## DELTA KING I RÅD, UTVAL OG KONFERANSAR

---

- SOR konferansen i Bergen «Livsstil – et spørsmål om valg». Norunn og Odd Atle deltok på konferansen.
- Landskonferansen i Bodø 19.–20. august, der samtlege av medlemene var til stades. Tema for landskonferansen var «Holdninger er nøkkelen».



Nord-Norge viste seg frå si beste side under landskonferansen i Bodø 19. – 20. august 2015



Omvising og festmiddag på Kjerringøy i samband med landskonferansen

## VEDLEGG

---

### Fylkesrådet for funksjonshemma gav fylgjande uttale i møte 23. mars

1. Namneendringa frå «Fylkesrådet for funksjonshemma» til «Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne» vert godkjend.
2. Det er ønskjeleg med kjønnsbalanse i Fylkesrådet for funksjonshemma, og rett at dette kjem med i nye vedtekter.
3. Fylkesrådet for funksjonshemma vil på det sterkaste frårå at det vert eit nytt råd på 7 personar der det er personsamanfall i rådet for eldre og rådet for funksjonshemma. Vi meiner at den organiseringa vi har i dag tek i vare representasjonen frå dei funksjonshemma og politikarane på ein betre måte. Vi har følgjande grunngjeving:
  - a. Vi kan vanskeleg sjå at det er nokon særleg praktisk skilnad på eit felles råd og eit råd med personsamanfall og møte same dag. Ingen andre fylkeskommunar har ei slik organisering som her er føreslegen, og få av kommunane (11 %). Organiseringa er ikkje tilrådd i forskrift frå departementet i 2007.
  - b. Framlegget går på å auke den samla representasjonen til eldre frå 3 til 4 og redusere representasjonen frå funksjonshemma frå 3 til 2, og politikarar frå 3 til 1. Dette er ein alvorleg reduksjon av representasjonen frå dei funksjonshemma sine mange organisasjonar. Vi kan heller ikkje sjå at det styrker mulegheitene for påverking av politiske prosessar for funksjonshemma. Vi er også uroa over at det kan verte endå vanskelegare å rekruttere unge funksjonshemma inn i eit slikt råd.
  - c. I saksutgreiinga vert det synt til at mange av sakene er dei same for både rådet for

eldre og rådet for funksjonshemma. Truleg gjeld dette nokre orienteringar i samband med budsjett og aktuelle fylkeskommunale planar som er på høyring. Vi ser at ved å legge eit møte i året til same dag kan ein få felles informasjon når det er aktuelt.

d. Saksfeltet for Fylkesrådet for funksjonshemma er svært vidt fordi det finst svært mange ulike funksjonshemmingar for menneske i alle aldrar. Opplæring av rådsmedlemene for å gje dei kunnskap, vil verte meir omfattande di større feltet er. Deltaking på regionale samlingar og to landskonferansar i året vil verte dyrare med eit større råd . (I dag har vi landskonferanse for eldreråd og landskonferanse for fylkesråd for funksjonshemma)

### **Fylkesrådet for funksjonshemma i Sogn og Fjordane vedtok fylgjande uttale 20. april 2015**

«Det er svært problematisk for menneske med nedsett funksjonsevne å reise kollektivt gjennom fylka våre. Dette er i strid med intensjonen i Nasjonal Transportplan der eit av hovudmåla er fleire samanhengande reisekjeder med universell utforming.

I samband med nye anbods-utlysingar vil vi presisere kor viktig det er at alt materiell skal vere universelt utforma, også reservemateriellet. Sjøføreropplæringa er også ein del av universell utforming. Det er ikkje nok at bussen har heis dersom ikkje sjåføren kan bruke den. For å sikre reell gjennomføring av universell utforming er det viktig med rutinar for etterkontroll og kvalitetssikring.

Ved eventuelle bussbyter er det vesentleg at korresponderande bussar er utstyrte på same måten og at bagasjen vert handsama slik at dei som treng det får hjelp. Dette vil sikre at kollektivtilbodet kan nyttast av alle. Råda meiner at det beste er ein buss gjennom heile rutestrekninga».

### **Uttale frå fylkesrådet for funksjonshemma (9. juni 2015) om personsamanfall mellom fylkesrådet for eldre og fylkesrådet for funksjonshemma**

Fylkesrådet er glad for FU sitt vedtak, om å halde på dagen si ordning med å halde på to separate fylkesråd. Fylkesrådet for funksjonshemma har desse endringane til nytt reglement:

1. Det vert ikkje gjort endringar i organiseringa av fylkesrådet for eldre, og fylkesrådet for funksjonshemma.
2. Namnet på rådet vert endra til: Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne.
3. I reglementa for begge fylkesråda vert det teke inn ei formulering om at det skal vere kjønnsbalanse ved samansetning av fylkesråda.

### **Uttale frå fylkesrådet for funksjonshemma (9. juni 2015) om skuleskyssreglementet for elevar i vidaregåande skule i Sogn og Fjordane**

Fylkesrådet for funksjonshemma fekk høve til å handsame saka i møte 9. juni, sidan hovudutval for samferdsle 2. juni vedtok at saka også skal til fylkestinget. Fylkesrådet for funksjonshemma er takksam til hovudutval for samferdsle for dette høvet til å gje råd i tråd med den funksjonen vi skal ha, men vi reagerer på at ikkje administrasjonen har innlemma fylkesrådet for funksjonshemma i høyringsprosessen av reglementet, der fristen var 6. mai 2015.

Vi ser at det nye skyssreglementet har meir tekst og er klårare på fleire punkt. Det er eit oversiktleg dokument som truleg kan gje svar på ofte stilte spørsmål om skyss kvart skuleår.

Vi har desse merknadene:

1. Fylkestinget skal i juni ta stilling til om fylkesrådet for funksjonshemma eventuelt skal endre namn til fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne. Dersom denne namne-endringa vert vedteken, ser vi det som naturleg at det same omgrepet vert innført i det nye reglementet.
2. Funksjonshemma elevar må ikkje få svekka rett til heimreiser. I saksutgreiinga kan det



sjå ut som at funksjonshemma elevar på internat kan få utvida heimreisene med meir enn 6 reiser i året slik det er no. Det vert i pkt. 4.6 synt til at nokre statlege kompetansesenter dekker inntil 7 heimreiser for sine elevar og at ein elev kan søkje fylkeskommunen om å få dekka fleire reiser. Dette er positivt, og fylkesrådet for funksjonshemma forventar at dersom elevar med funksjonshemming må gå på ein skule som ikkje dekker heimreiser – så får dei også rett til å søkje om å få dekka heimreisene sine. Retten må gjelde anten skulen/kompetansesenteret er statleg eller privat.

3. I gjeldande reglement heiter det at fylkeskommunen er ansvarleg for skyss, reisefølge og tilsyn etter kap. 7 i opplæringslova og kap. 10 i forskrift til opplæringslova. Vi merkar oss at i det nye reglementet er det fleire endringar som gjeld Følgje og tilsyn punkt 8.2. Følgje og tilsyn vil ofte gjelde funksjonshemma elevar. Det vert presisert at skulen eller foreldra har ansvaret, og det er vanskeleg å oppfatte det annleis enn at fylkeskommunen her har eit mindre ansvar og at ansvarsfordelinga mellom skulen og foreldre til funksjonshemma elevar vil kunne variere frå skule til skule. Vi ber fylkeskommunen som skuleeigar følgje opp at skulane her utøver skjøn og har lik praksis.

Fylkesrådet for funksjonshemma har forståing for at skuleskyssen må samordnast, og at dette også kan gjelde for funksjonshemma elevar. Vi minner likevel om at kva som er akseptabel reisetid for ein funksjonsfrisk elev kan vere noko heilt anna for ein funksjonshemma elev.

### **Leiar for fylkesrådet sende brev til fylkesrådmannen (22. september 2015) med fylgjande innhald**

«Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne vil gje honnør til samferdsleavdelinga som har sendt brev til oss og invitert oss til å meine noko om innspela til kostnadsreduksjonar i samferdslesektoren i samband med økonomiplanen. Vi saknar eit liknande initiativ frå dei andre avdelingane i fylkeskommunen, fordi dei også legg til rette for vedtak i saker som gjeld menneske med nedsett funksjonsevne anten det er kultur, folkehelse eller andre tema.

Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne bed fylkesrådmannen følgje opp at alle avdelingane sender og deler saker som kan vere aktuelle med vår rådgjevar og sekretær, Anne Kjersti Stenehjem med kopi til leiaren for fylkesrådet.»

### **Uttale frå fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne (22. september 2015) om prosjektet «Hoven – Loen 2017»**

«Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne i Sogn og Fjordane er positive til at det vert planlagt kultur og fritidstilbod der alle kan delta. Prosjektet Hoven Loen 2017 planlegg m.a. gondolbane, turveg og parkeringsplassar med universell utforming. Det er viktig at heile prosjektet vert planlagt slik, inkludert overnattingstilboda og serveringsstadene. Hotellrom, heisar og fellesareal må planleggast med universell utforming, og ha kapasitet til å ta i mot større grupper av menneske i rullestolar, rullatorar eller med barnevogner. Prosjektet Hoven Loen 2017 planlegg universell utforming rundt gondolbana. Dette vil føre til fleire tilreisande, og vil sette kapasiteten på overnatting og serveringsstader med universell utforming på prøve.»

### **Brev frå fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne (22. september 2015) om «Fritid for alle»**

«Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne i Sogn og Fjordane har fått spørsmål om det finst eit oversyn over tilrettelagde fritidstilbod for barn og unge med nedsett funksjonsevne i fylket.

Vi er kjende med at det finst ei brosjyre i Rogaland og eit oversyn på nettet – utarbeidd av Helse Stavanger – der alle tilrettelagde fritidstilbod i kommunane er samla på ein stad. Vi tenkjer oss at tilsvarande oversyn vil vere nyttig for både kommunar, organisasjonar og ein-skilde menneske eller grupper i vårt fylke.

Vi utfordrar kommunane ved regionråda og dei enkelte kommunale råda for menneske med nedsett funksjonsevne å melde inn kva tilbod som finst når det gjeld fritid for alle, særleg for barn og unge med nedsett funksjonsevne. Vi bed også dei fylkesdekkande organisasjonane SAFO og FFO om å melde inn kva tilbod dei kjenner til.»

### **Oppsummering frå synfaringa (3. november) på ferja Ampere som trafikkerer Lavik – Oppedal**

- Det var ei lærerik synfaring, der fylkesrådet og brukarrepresentantane vart veldig godt mottekne av mannskapet på ferja. Fylkesrådet fekk inntrykk av at mannskapet var veldig handlekraftig og imøtekommande. Mannskapet ville mellom anna sjå på korleis dei kunne få laga til ledelinjer inne på ferja (for synshemma). Det var oppmerka plassar på ferja for rørslehemma, men mannskapet hadde eit tydeleg budskap om at det måtte kome på plass god nok oppmerking på land for rørslehemma, slik at det vart enklare for mannskapet og plassere desse bilane på riktig stad på ferja.
- For synshemma har fylkesrådet følgjande kommentarar:
  - Munnleg informasjon over høgtalar (her fekk fylkesrådet informasjon frå mannskapet om at dette var på plass, men at det denne dagen var ute av drift)
  - Det var ikkje blindeskrift nokon stad for viktig informasjon, og informasjonen på informasjonstavla var lite lesbar
  - Taktile oversiktskart mangla. Som eksempel kan det nemnast at alle båtane til Brødrene Aa har taktile kart
  - Frå ferjelemmen og inn på ferja var det ingen ledelinjer
  - Taktile område ved trapp opp frå salongen var dekkja med teppe. Teppet vart flytta då mannskapet vart gjort merksam på dette.
  - Det mangla ledelinje oppe på golvet frå tappa og til utgang dekk
  - Fint at rekkverket var måla gult
- For rørslehemma har fylkesrådet følgjande kommentarar:
  - Bordet som var tiltenkt rørslehemma i salongen, var ikkje funksjonelt utforma ved at det ikkje var mogleg å komme heilt inntil bordet med rullestol
  - Rommet som var berekna som handicaptoalett var for lite, og toalettet var feil plassert. Største avstand frå toalett til utgangsdør var 1,46 m, og avstand mellom samslått stellebord og var 1,03 m. Det å få igjen døra til handicaptoalettet virka greitt når ferja var i ro, men ved litt meir sjøgang vil det vere vanskeleg å få opp døra, og lukke den igjen. Her bør det vere elektrisk dør (jf. ferje som trafikkerer Anda – Lote).
  - I inngangen som var berekna for gåande/rullestol for dei som ikkje tek bil om bord, var det ein slange som låg på dekket, slik at det ikkje var høve å komme seg inn den døra med rullestol. Det vart opplyst frå mannskapet at dette ikkje var ein slange som låg ute på dekk heile tida.
  - Det vart stilt spørsmål frå brukarrepresentant om det hadde vore øving på ferja, der funksjonshemma hadde vore med på øvinga. Det har ikkje vore øving med funksjonshemma tilstades, men mannskapet hadde ønske om at det vart øving der funksjonshemma kunne vere med, for å få til ei reell øving. Jan Helge Oksholm sa han stilte seg til disposisjon for å vere med på ei slik øving.
- Andre moment
  - Mangelfull merking på bildekk for kor det var evakueringsstasjonar
  - «Snubleområde» ved inngang/utgang (ved at det var ein liten forhøgning). Det var forslag om å male starten/overgangen på dette området gult, for å varsle
  - I kiosken stod kaffitrukker plassert langt ut på disken, slik at det kan vere risiko for synshemma, born, etc. å komme borti ved eit uhell
  - Fargevalet i salongen gjer at kvite vegger og lyst golv går i eitt med dei lyse møblane. Det er viktig med kontrast på tekstil. Fylkesrådet merka seg som positivt at mannskapet hadde måla kontrastfarge på golvlister og dørlistene



SOGN OG FJORDANE  
FYLKESKOMMUNE

Fylkesrådmannen  
Fylkeshuset  
Askedalen 2, 6863 Leikanger  
Telefon: 57 63 80 00  
E-post: [postmottak.sentraladm@sfj.no](mailto:postmottak.sentraladm@sfj.no)  
[www.sfj.no](http://www.sfj.no)

Alle foto:  
Anne-Kjersti Stavø Stenehjem/Sogn og Fjordane fylkeskommune